

Kyrkjelydsblad

for Arna prestegjeld

Nr. 10

Arna Desember 1970

3. årgang


Spådom

Nokre hundre år f. Kr. livde folk som venta på Herren og såg i spådom fram til den nye dagen. Me kallar dei profetane. Jesusja heiter ein av dei. Men hugs at når han nyttar og skriv um ulvar, slangar, løvor og stutar, so tenkjer han ikkje mest på dyri, men på menneske som i si ferd liknar ville dyr. Det skal koma seg den dagen Kristus fær rom i verdi og vert guten som gjæter oss.

Men ein kvist skal renna or Isaistuvon, og ein renning frå hans røter skal bera frukt. Og Herrens Ande skal kvila yver han, Anden med visdom og vit, Anden med råd og styrke, Anden som gjev kunnskap um Herren og otte for han. Han skal hava sin hugnad i otte for Herren, og han skal ikkje døma etter det augo ser, og ikkje skifta rett etter det øyro høyrer, men han skal døma armingar med rettfærd og skifta rett med rettvise for dei smålåtne på jordi.

Rettfærd skal vera beltet um lendene og truskap beltet um mjødnene hans.

Då skal ulven saman med lammet, og leoparden liggja i lag med kjeet, og kalven og ungløva og gjødfæte skal semjast saman og ein smågut skal gjæta dei. Kui og bjørnen skal beita saman, ungane deira skal liggja i lag, og løva skal eta halm som ein ukse. Sogbarnet skal leika seg innved bolet åt hoggormen, og barnet som nyst er avvandt, skal retta handi ut yver øglehola. Ingen skal gjera vondt eller ugagn på heile mitt heilage fjell. For landet er fyllt av kunnskap um Herren, liksom vatnet fyller havdjupet.



Godt budskap

For noen år siden fikk en prest like før jul i oppdrag å gå til en familie med sørgebud om at en sønn var falt over bord i Rødehavet. Slike triste oppdrag får prester av og til å utføre. Men budet må fram, selv om det er trist å bringe og enda tristere å ta imot.

Men i dette tilfelle husker dere kanskje fra avisene at det hendte noe merkelig, noe som sjelden hender. Dagen etter kom det nytt bud til presten. Han skulle meddele samme familie at sønnen var reddet og i beste velgående. Skipet hadde gjort vende-reis straks de savnet ham ombord. Det styrte nøyaktig samme kurs tilbake — og fant gutten som i flere timer hadde svømmet omkring på havet. Det var et godt og gledelig budskap presten hadde å bringe denne gang til en lykkelig familie.

Juleevangeliet er budskapet fra Gud om at Han søker etter oss for å berge oss fra fordervsmaktene. Åndelig talt er vi mennesker i oss selv og overlatt til oss selv i skipsnød på livets hav, som vi alle ferdes på og skal over. Vi synger om det i en kjent sang:

*«Jeg er en seiler på livets hav,
på tidens skiftende bølge.»*

Dette livshavet har sine farer og fristelser, sin risiko for hvert enkelt menneske. Det gjelder å komme velberget over.

Juleevangeliet vil si oss at vi har fått en hjelper og redningsmann i Ham som er julens egentlige gave til oss: Jesus Kristus.

Hvorledes vil han hjelpe oss? Jo, det synger vi om i samme sangen:

*«Den Herre Jesus meg kursen gav
og denne kurs vil jeg følge.»*

Mange synes at dette med kristendom er bånd som binder, en blir hemmet og får ikke folde seg fritt ut. Er det slik å forstå? Nei, når vi f.eks. har fått de 10 bud, så er

de ikke en byrde som er lagt på oss, men tvert om et vern om oss. De står og peker på veien for oss, akkurat som fyrlys og sjømerker står langs den farlige kysten vår og liksom sier til de sjøfarende: «Her er veien. Styr etter vår anvisning, så vil du ikke lide skipbrudd.»

Veien, kursen, er gitt oss i Jsus Kristus, som sa: «Jeg er veien, sannheten og livet.» Så står det til hver enkelt av oss om vi vil si: «— og denne kurs vil jeg følge.» Og så gjøre etter det. *Knut Sellevold.*

Ein song

Ein freistnad på å gje att grunntankane i «Kan du synge den nye sangen?» i norsk målbunad.

*Kan du syngja det nye kvedet,
du som no vandrar her på jord?
Store skarar i kvite klede
syng det i fagnad ved himlens bord.
Men her nede dei først det lærde
framme ved Jesu Kristi kross.
Han seg nådig om alle kjærde,
ofra viljugt sitt liv for oss.*

*Ord og tonar frå tusen munnar
vitnar om frygd ved Jesu bragd.
Jesus då sjølv er til grunnstein lagd.
Han oss fylgjer i denne verdi,
gjæter og varar flokken sin.
Himlens hyrding ber heim på herdi
kvar eit villfare lamb han finn.*

*Heim til himlen vil Jesus draga
heile den hjord som fyl' hans kall
Der han rom har åt alle laga,
lovsong skal ljoda i æva all.
Gud er kjærleik og livsens kjelde,
frihuga ropar me hans namn.
Gud er Fader, med makt og velde,
heimvist byd han oss i sin famn.
*Eirik Skjerve.**

Kultur, høgtid og glede i Gjerstad

100 års minnedag for Gjerstad kyrkja. 2 bispar og 6 prestar var med. Hauge songlag hadde lagt ned ekstra arbeid for å gleder kyrkjelyden og mykje takk og æra tilkjem songarane og dirigenten Knut Vevle. Heile dagen gjekk med.

Høgmessa, kyrkjekaffi på Skistad bedehus og, for dei lite flakkeføre, i sakristiet i kyrkja. Sidan påny i kyrkja for tilsisst å sluttå dagen av i Hauge ungdomshus der kommunen hadde laga til middag for mange innbedne. Her var det varaordførar Jon Hanstveit som styrde laget. Men lat oss taka det med frå fyrsten av.

Kyrkja var fullsett og same tekstane vart lesne som dei lydte vigsledagen. Juvkam var liturg og preika. «De hev synt at de er glade i kyrkja her i Gjerstad». Me stig på heilag grunn her på tuftene. For me kan gå lenger attende enn 100 år. For kyrkja er nemnd av bisp Audfinn på 13 h.talet. Då var det pengar og skatt det vart skrive om. Peterspengar eller Romaskatten dei kalla det. Denne skatten var den fyrste skatten dei krov inn i reide pengar. Men me skal og tenkja på det fedrane våre søkte her ved kyrkja og det dei fann. Og serleg skal me lata den tanken stiga fram frå lovnadsboki i dag — om makti av serlegt slag Sonen har fenge: Han kan gjeva liv. Me lyt ta det fram for tidi vår treng høyra det. Vismannen i gamle Rom klaga yver si tid. Ho er gamal vorti. Tenesta vår skal då få vera ein lovsong til Gud.

Kl. 14.30 var me påny samla i kyrkja. Og like fullsett var ho. No fekk me gild prolog av Magnus Bjørndal og utgreiding av Sverre Hauge. 100 år er ingen kyrkjeleg alder, men ho står i ei rad. Sume minnest den gamle kyrkja. Me for hardt fram då tykte sumé, men no er me nøgde og glade. Og me

rettar hugen frammyver til nye tider og ætter og kjem ihug dei som var til fyredøme for ungdomen idag. Eg saknar nokre her idag, sa han: Hagesæter, Hollekim, Karstad.

Søvde helsa: Grannar lyt og få koma og segja: Tillukka. Ein kyrkjelyd har ansvar for huset og for Guds ord. Det som etter Hebr. 4.12 er livande og kraftig og kvassare enn noko tveiggja sverd, og trengjer seg igjennom til dess det kløyver sjel og ånd, ledemot og merg og dømer hjartans tankar og råder. Klåstad friska opp minnene sine frå 14 års tenesta i kyrkjelyden. Han var vorten so glad og kjend med nynorsk altarbok då han kom til Hadeland og skulle ha si fyrste tenesta, las han som han var van: Lat oss bøyggja oss for Gud og sanna syndene våre. Og vegen imot til Grønskaret, og so undan til kyrkja. Det var krig og sykelen laut brukast. Og alle mennene han såg på kyrkjeveg. Konene slapp ikkje alltid frå. Han hugsa det var vårtid i Gjerstad og songlaget dei hadde med Lars Hauge som dirigent. Tesdal, Hope, Salamonsen og Indrebø hadde og helsingar å bera fram. Gamlebispen nemnde frå moderne tider kor folk ville ha kyrkja i feststunder, men ikkje ta imot ordet som Guds ord. Då møttest det ofte av ein steinvegg. Men ljuset ovanfrå lyt ingen dra seg undan. Du lyt vera med i kvardag og avgjerd, du lyt høyra, du lyt ta ansvar.

Ved middagsbordet var det morosamt og hyggjelegt. Endå ein prolog fekk me høyra. Anton Greve hadde skrive han og dotteri las. Me fekk helsingar m.a. frå skuleinspektør Jensen, Jens K. Hauge (som hadde med gáva frå Arna), Gunnvor Hauge frå Madagascar og Mikal Vevle. Han kunne fortelja om då han skysste Vasstrand med sin flotte fest, men med heller vesal fjørvogn.

Og ymist frå si tid og tenesta i Gjerstad sokn. Me fekk ei livande kjensla av at Gjerstad har rike kulturtradisjonar og vonar dei vil ta vel vare på dei.

Men Vasstrand som fekk so god og snøgg skyss kjende seg noko utrygg i svingane. Han spurde om hesten var stø. Han rosa seg noko yver svaret han fekk, men heilt trygg kjende han seg ikkje før dei kom heim i tunet og kona tok imot husbonden sin med kyss og klem. Men då Mikal såg det, vart han skremd. Slikt fann dei ikkje på oppi Gjerstå.

Tone: Gjer døri høg gjer porten vid

*På livsens veg me skrider fram
mot mål det ber — den gylne strand
for kvar og ein som Jesus vann
og i si ferd er funnen sann*

*I strid og kamp i verdens larm
me våger kalla oss Guds barn.
Me små i egne augo er,
og audmjukt då av hjarta bed.*

*Gjev glede fred i sjel og sinn.
Då stig den sæle kjensla inn,
som gjev ny kveik på vegen din
og lovnadsordi no deg bind.*

*Den sæle fred og lukka sann
du einast vinn ved Kristi namn.
Det namn som lever i kvar barm
som rykt vart ut av verdens larm.*

*Dei læra fekk den nye song
som i dag skapte vitnetrong
om livsens lukke som du vann.
Ved Jesus Krist det dyre namn.*

*Ei glede sann, som strøymer på
du ut imillom folk lat gå!
og bera ut den bodskap varm
som reiser opp ein syndar arm.*

O. U.

Kristendomsfaget sin plass i «forslag til normalplan for grunnskulen

«Forslag til normalplan for grunnskolen» ligg nå føre. Det gledde meg å lesa gjennom Normalplanutvalet si vurdering av «Grunnskolen sin oppgave».

«EI KRISTEN OG MORALSK OPPSED-
ING» vert tolka slik:

«Dette gjelder både skolens undervisning og oppdragelse. Det gjør det til en selvfølge at skolen skal gi undervisning i kristendoms-kunnskap, men det har også betydning for undervisningen i andre fag og for andre sider ved skolens virksomhet. Det inngår i paragrafens premisser «at grunnskolen som en helhet må bygge på de etiske grunnverdier som er forankret i kristendommen» (Innst. O.XIV, 1968/69, s. 18).»

Så er det då ennå ein gong fastslege både gjennom stortingsvedtak og tolking at den norske folkeskulen skal vera ein kristen skule. Det er då å vona at kommunane gjennom sine vedtak, lærebokforfattarane gjennom sine lærebøker og lærarane gjennom si undervisning følgjer opp det som her er pålagt etter føremålsparagrafen.

Etter framlegget er det fastlæste time-
talet i 1.—6. klasseteg 123 og i 7.—9. klasse 90. Av desse timane har kristendomsfaget fått 11 på barnesteget og 5 på ungdomssteget, tilsaman 16. På barnesteget er det høve for kommunane å auka timetalet med inn-
til 24 til maksimum 147. Det vil då vera rimeleg at kristendomsfaget vert monaleg styrkt. Samla timetal i kristendomsfaget må ikkje koma under 20 veketimar. Dei ymse skulestyre får her taka avgjerd.

Men så kjem spørsmålet om korleis det daglege innhaldet skal verta i desse timane.

Under bolken for målsetjinga for kristendomsfaget står det:

«Innsikt i den kristne religion må i første rekke byggas opp om et samlet og levende bilde av Jesus Kristus, hans liv og gjerning».

Eg er ikkje sikker om Jesus Kristus vert gjort levande for elevane i ungdomsskulen etter det undervisningsopplegg me har. Ein av ungdomsskuleelevane sa det slik til far sin: «Me har ikkje kristendomsundervisning i ungdomsskulen, det er soga.»

Eg er redd for at ungdomane vert mata med for mykje kyrkjelege fakta istaden for å få eit levande bilete av Vår Herre og Frelsar. Får dei svar på sine spørsmål, sine tvil, og får dei stetta si trong etter eit samfunn med eit kristent innhald i timane? Svarar me dei med kunnskap om kyrkjebygg, kyrkjeleg inndeling, lovgjeving eller tørr opprekning av ymse hende fram gjennom kyrkesoga? Fyller me timane med fakta om råma, strid og læresetningar og framande religionar, er eg redd for at det hjelper lite om timetalet vert auka aldri så mykje. Me må få eit undervisningsopplegg som engasjerer dei unge. Dei må verta gripne av det dei høyrer. Dei må få noko av det som ein ungdom hadde då han kom heim frå ein av våre kristne ungdomsskular: «Det er ikkje å tru kor gildt det var!» sa han, og såg fram for seg som i eit draumsyn det han hadde opplevd.

Etter det nye framlegget til læreplan står både lærebokforfattarar og lærarar friare når det gjeld undervisningsstoffet. Ein skal ikkje på sett og vis koma gjennom eit minstepensum. Dette må kyrkja, dei kristne organisasjonane og truande forfattarar nytte seg av. Eg trur det vil verta til stort verd for mange om me fekk bøker, ikkje lærebøker i vanleg meining, men bøker som kan hjelpe læraren til å gje elevane eit rikare livsinnhald, eit kristent livssyn, gjen-

Takvam kyrkjegard

Det var helst i skundingi før vinteren sette me me fekk vigsla nye teigen vår på Takvam. Sundag 8. nov. var me samla i kapellet og prost Søvde var komen frå Åsane, for etter kyrkjeleg skikk så skal prosten vigja nye kyrkjegardar. Det var då berre ein heller liten firkant inno m gjerdet me no skulle ta i bruk. Men kommunen har då sikra seg ein teig for vidare utviding når det trengst. Form. i soknerådet var tilstades. Likeeins ordføraren og rådmannen. Og so fekk me vitjing av ein kvartett — Kleive-land, Ljones, Fjelltveit og Kleppstø, som gledde oss med songen sin. Og veret var brukande då fyrsta på dag.

Etter vigsla drog me til bedehuset på Tun-nes og fekk kyrkjekaffi. Me ville då prata saman litt, og verta betre kjende med kvarandre. Det var vel og første kaffibok i nye huset. Det vart ei hyggjeleg bordsæta og mange helsingar og ynskje og suter vart borne fram. Soknerådsformannen, Jens K. Hauge minte om at kyrkjegarden det var bygd i sitt andlet. Der kunne framande folk lesa av kulturnivået vårt. Herfindal hadde sut for kapellet som var noko trongt for gravfylgjet og andre nemnde planar og ynskje for kyrkjegarden i Arne og Y. Arna. Her er trongt i Arna no. Det er vegane som bryt seg fram. Og vekontori teiknar dei i beine liner og spør ikkje etter om plassen

nom forteljingar og populære (små-)skrif-ter om menn og kvinner i inn- og utland, misjon og arbeidsliv. Mange lærarar kjen-ner seg hjelpelause i kristendomstimane. Me må gje dei hjelp og dermed styrkje. For det er nok læraren som er «skulen» den dag i dag.

Torkel Grindheim
skuleinspektør

er etla til kyrkjeleg bruk. Me stökk mest då ordføraren kunne fortelja at deira planar gjekk ut på at innkøyringsvegen til Arna skulle bryta seg fram midt gjennom kyrkjegardsteigen på Mjeldheim. Men slike ville planar vonar eg vert stogga i tide.

Knut Sellevold som etter avskil med Askøy har vore busett i Arna er av biskopen beden om å ta på seg vikartenesta i St. Jakob kyrkja i Bergen. Han har lova ta på seg tenesta.

Kyrkjelege handlingar

DØYPTE I ARNA SOKN:

- 25.10. Vidar Folke, foreldre: Erling Skogseide og Kirsten f. Tveit.
 25.10. John Hermund, for.: Frank Hauge og Dagfrid f. Hagebø.
 25.10. Hilde Marie Norevik, for.: Arne Lillefosse og Bjørg Lilly Norevik.
 25.10. Ann-Iren, for.: Magnus Harald Iversen og Signé f. Marøy.
 25.10. Linda, for.: Alf Johan Høyberg og Gerd Unni f. Kleiveland.
 25.10. Siri, for.: Rolf Kristoffer Nordahl og Kari Elin f. Johannessen.
 25.10. Aimee Helen, for.: Jan Aage Sundal og Sylvia f. Vatle.
 31.10. Johnny, for.: Gunnar Haukeland og Liv Margrete f. Helgesen.
 31.10. Bård, for.: Terje Kreybu og Liv f. Seim.
 31.10. Frode, for.: Bjørn Arnold Tverlid og Turid f. Tveit.
 31.10. Lennart, for.: Konrad Ansgar Bjørndal og Erna Karin f. Minde.
 1.11. Viggo, for.: Magne Inge Takvam og Anne-Mari f. Øines.

- 1.11. Bjørge, for.: Sigfred Kolbjørn Lindkvist og Bodil Anita f. Jakobsen.
 1.11. Even, for.: Fritz Paul Johansen og Eli f. Hannisdal (i Fridalen kyrkja).
 1.11. Åse, for.: Torolv Herfindal og Gunlaug f. Tveiterås.
 7.11. Bente Irene, for.: Frank Roald Lervåg og Solveig f. Nesfossen.
 7.11. Rune, for.: Otto Henry Rosvold og Solaug Oline f. Myhre.
 7.11. Tore, for.: Egil Hammersland og Kirsten Asbjørg f. Vassbotn.
 7.11. Robert, for.: Øyvind Kvinge og Kari f. Veivle.
 7.11. Geir Bjergene, for.: Kjell Nesset og Torhild f. Bjergene.
 14.11. Marita Grinde, for.: Rolf Lygre og Bjørg Johanne f. Grinde.
 15.11. Odd Roger, for.: Einar Reidar Aasen og Marit Bruarøy.
 15.11. Bjørn Inge, for.: Ivar Storsæter og Ingrid f. Norland.
 15.11. Eivind, for.: Eirik Magnus Skurtveit og Marit Jorunn f. Seim.
 21.11. Gro, for.: Sigvard Kåre Gundegjerde og Helen f. Hovland, (døypst Slettebakken kyrkje).
 28.11. Jarle, for.: Gisle Sundal og Marit f. Asheim.
 28.11. Christian, for.: Odd Gunnar Engebretsen og Anne Lise f. Bentzen.
 28.11. Morten, for.: Sigleiv Hærøy og Ada Tine Lie.
 28.11. Jan Sigleiv, for.: Sigleiv Hærøy og Ada Tine Lie. Stadfesting av heimedåp.
 28.11. Inger, for.: Per Wilhelm Felde og Unni f. Hjelle.
 28.11. Vidar, for.: Geir Arne Magnussen og Solveig f. Garnes.
 28.11. Lin, for.: Håkon Wæhle og Anne-Britt f. Gjerde.
 27.11. Tor Øyvind, for.: Johannes Engesæt og Marie f. Ekenes.

VIGDE I ARNA SOKN:

- 3.10. Einar Rivenes og Anne Karin Hausvik.
 31.10. Terje Thunes og Mariann Vik (i Domkyrkja).
 31.10. Kjell Inge Natås og Aud Jorunn Roland (i Alversund).
 7.11. Magnar Anders Tveranger og Anne Karin Kleiveland.
 7.11. Alan Shivers Foust og Kari Stephansen.
 14.11. Anton Magne Åsgård og Norma Mark Engelsen.
 21.11. Magne Herdlevær og Reidunn Nygård (i Nykyrkja).

AVLIDNE I ARNA SOKN:

- 25.9. ugift Magnhild Tveit f. 1907. (Gravi i Strandebarm).
 5.11. ugift tenar Maria N. Mjelde f. 1883.
 21.11. maskinist, gift Anton Martin Hordvik f. 1907.
 22.11. fabr.arb. kone Anna Sofie Leraas f. 1919.
 26.11. lærar h.v. enkjemann Sigurd Før-sund f. 1884.

DØYPTE I YTRE ARNA SOKN:

- 6.9. Anne foreldre: Ivar Aasgård og Gørill Alfild f. Fossen.
 10.10. Synnøve, for.: Jon Kjell Rysjedal og Solbjørg f. Sundbotten.
 18.10. Jørn, for.: Erling Furnes og Ashild f. Fjellanger.
 18.10. Grethe, for.: Knut Johan Knutsen og Anni Kristine f. Hansen.
 27.9. Birgitta, for.: Roar Grindheim og Kari Birgitta f. Stautland (i Bremnes).
 1.11. Wibecke, for.: Audun Natås og Ragnfrid f. Selnes. (i Åsane).

I min forretning
 finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp

Kleiveland
 URMAKAR

5260 Indre Arna — Tlf. 40 496

Vakre blomar frå

Trygve Garnes gartneri

Telefon 40401, Garnes

og utsal Indre Arna Tlf. 40415

- 7.11. Petter, for.: Dag Harald Håven og Marion f. Ruus. (i Åsane).
 7.11. Henriette, for.: Karstein Rød og Grethe Karin f. Skaar. (i Åsane).
 15.11. Geir, for.: Jan Bjørn Hernes og Aud Signe f. Ludvigsen.
 15.11. Fredrik, for.: Per Fredrik Leira og Ingeborg f. Nesje.
 15.11. Hilde Anita, for.: Lars Vold og Målfrid Karinn f. Rong.

VIGDE I YTRE ARNA SOKN:

- 29.8. Arild Valdersnes og Grete Bernes. (i Bergen).
 3.10. Hugo Nilsen og Sølvi Sæther.
 31.10. Ingebrigt Hagen og Reidun Kristiansen.

AVLIDNE I YTRE ARNA SOKN:

- 3.9 tidl. steinarb. Knut Hisdal f. 1904.
 1.10. gardbr.enkja Kari Glosvik f. 1880.
 21.10. tekstilarb. Jakob Havre f. 1927.
 31.10. barn Marion Nævdal f. 1970.
 6.11. ug. motorm. Terje Mæhle f. 1947.

**ALT I
GRAV-
MONUMENTER**

Espeland Gartneri

Espeland Gartneri og Begravelsesbyrå
Telefon 40809 — Espeland

STØRRE BARNETRYGD

Barnetrygda vert no utbetalt kvar måned
La pengane gå direkte inn på konto i
ARNA PRIVATBANK. Avtal med banken
kva kontotype som passar best.
Pengane står alltid til disposisjon.
Rente opp til 5 pst. p.a.

ARNA PRIVATBANK

Alt i bøker, papir, gramofonplater og leiker får De hos

F. BEYER

Bok og papirhandel
Indre Arna

J. BERSTAD

Filial Indre Arna

Jernvarer. Verktøy. Beslag.
Sport og camping.
Glass og steintøy.

HAUS SPAREBANK

Snakk med sparebanken

Ytre Arna — Indre Arna —
Espeland — Lonevåg

Skal det vera

markiser eller persienner, så ring og spør meg. Eg sel Norsk Amico heilårsmarkiser og prydpersienner, stålrøyr, skyvestigar og tørkestativ

MAGNUS BORGE

5233 Haukeland Telefon 40021

Preikelista

2. søndag i advent 6. desember:

Arna: Res.kap. Ytre Arna: Soknepresten. Nattverd.
Om kvelden kl. 19.30 Ljosmesse i Arna.

3. søndag i advent 13. desember:

Arna aldersheimen: Soknepr. Ytre Arna: Res.kap.
Om kvelden kl. 17.00 jolekonsert i Arna

4. søndag i advent 20. desember:

Tunes: Res. kap.

Jolafta:

Barnegudstenester i Arna og Ytre Arna.

Joledag:

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res. kap.

2. joledag:

Trengereid: Soknepresten.

Sundag e. jøl, 27. desember:

Arna: Res.kap.

Nyttårsdag:

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res.kap. Nattverd

1. søndag e. Kr. opb., 24. januar:

Arna: Soknepresten. Ytre Arna: Res.kap.

2. søndag e. Kr. ipb., 17. januar:

Arna: Soknepresten. Trengereid: Res.kap.

3. søndag e. Kr. opp., 24. januar:

Arna: Res.kap. Ytre Arna: Soknepresten.

4. søndag e. Kr. opp., 31. januar:

Arne: Soknepresten. Ytre Arna: Res.kap.

Bladstyrar er Sokneprest E. Tesdal, Indre Arna.

Forretningsførar: Olav Hartveit, Garnes.

Bladpengar kr. 5,— for året. Postgiro: 310444.

— Prenta i Skaars Boktrykkeri, Norheimsund —